

«Kor langt skal det vera?» Eit essay om å arrangera essaykurs

Best practice article (peer reviewed)

Bodil Moss*

Høgskulen på Vestlandet

Abstract

The Writing Centre at The Western Norway University of Applied Sciences (HVL) offers an essay course as an optional 40-hour module which is integrated in the development program for basic competence in University Pedagogy. We initiated the course because faculty teachers supervising students writing an academic essay as a bachelor's assignment requested training in essay supervision. In this essay, I reflect on the challenges I have faced in the development and implementation of the essay course, above all why some teachers turn out to become so insecure, or so it seems, when faced with open evaluation criteria. What makes this genre so difficult? How can we help teachers become more confident in writing academic essays so that they can guide students in a more productive way in their writing process and assess the essays they write? When we asked the course participants to write their own essays and supervise each other in the writing process during the course seminars, it became clear that they too, just like the students, want clear answers. Many of them tend to ask for ready-made assessment criteria and guidelines for good academic essays – for both students, lecturers and examiners. I suspect that some faculty teachers prefer to operate with templates when giving assignments to students. However, reflections on professional experience, the very hallmark of an academic essay, can rarely be squeezed into a ready-made template. I argue that the insistence on templates actually makes writing, supervising and assessing more challenging.

Keywords: essay course, academic essay, bachelor assignment, writing supervision, university pedagogy,

Nøkkelord: essaykurs, fagessay, universitetspedagogikk, bacheloroppgåve, skriverettleiing

***Contact**

email: bodil.moss@hvl.no

Innleiing

Ei digital hand i veret i Zoom-rommet på slutten av essaykurset. Deltakarane har fått informasjon om essayet dei skal skriva, no skal dei inn i *breakout rooms* for å presentera dei første skissene for kvarandre. «Kor langt skal essayet vera?», blir det spurt. Eg blir paff. Her har vi sete i to timar og snakka om kor fri strukturen er i eit essay, at det er dette som skil essayet frå ein fag- eller forskingsartikkel, at essayet er mindre strengt i oppbygging, omfang og kapittelinnndeling, der refleksjon og ei undrande tilnærming er det viktigaste. Har dei ikkje skjønt poenget i det heile tatt? I oppgåveformuleringa på Canvas si kursemneside har vi vore vage i vendingane i fullt medvit, men ikkje så vage at ikkje oppgåva skulle vera klar, i alle fall etter første kursdel: «De skal skriva eit essay om eit sjølvvalt tema. Essayet skal vera knytt til ei problemstilling eller eit tema innanfor dykkar eige fagområde, men de er sjølve ansvarlege for å finna riktig form og omfang på teksten». Kanskje dei berre ikkje hadde sett på oppgåva enda.

Kva er det som gjer at nokre fagtilsette blir så usikre i møte med opne kriterium? Det har eg spurt meg sjølv etter at vi har sett essayet på dagsorden gjennom universitetspedagogikken, først på oppmoding frå fagmiljøet. Kva er det som gjer denne sjangeren så vanskeleg? Korleis kan vi bidra til at lærarane blir meir sjølvsikre på han slik at dei lettare kan rettleia studentane i prosessen og vurdere essaya dei skriv?

Bakgrunn for – og utviklinga av essaykurset

Biblioteket ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) har eit skrivesenter som gir fleire støttetilbod til skrivande studentar og tilsette. Vi er eit samarbeidsteam beståande av tilsette frå bibliotek og fagmiljø som utviklar og gjennomfører skriveverkstader, kurs og individuell rettleiing. I 2019 vart vi spurt om å halda eit essayseminar for sjukepleie-faglærarar som skulle rettleia studentar som skriv fageessay som bacheloroppgåve. Studentane valde gjerne vekk essayet fordi dei ikkje fann trygge nok rettleiarar til å hjelpa seg, eller dei valde nettopp essayet fordi dei trudde det var ein enklare sjanger enn litteraturstudium. Dei trudde dei kunne beskriva ei praksishistorie utan å setja ho inn i eit teoretisk rammeverk, meir som å skriva ein stil.

Vi samla kompetanse på det vide feltet som essaysjangeren trass alt er, ikkje for å gi kursdeltakarane svaret på kva det *er*, men for å visa dei kor mykje forskjellig det *kan* vera. Ved å be dei om å skriva sine eigne essay, der dei rettleia kvarandre gjennom skriveprosessen og vi kursleiarane vurderte dei endelege tekstane, var målet at dei skulle kjenna seg tryggare når dei skulle rettleia studentane sine i essayskriving. Eit anna mål var å hjelpa dei å formulera og klargjera retningslinjene for eit fageessay, som dei kunne velja å innlemma i eigne bachelorprogram. Vi inviterte språkvitar og rettleiar i akademisk skriving Randi Benedikte Brodersen, filosof med ph.d. i kunnskapsbasert praksis Anders Reiersgaard som òg underviser i akademisk skriving, og professor i kunsthøgskulen Aslaug Nyrnes til å snakka om essayet frå sine respektive perspektiv. Sjølv bidrog vi frå Skrivesenteret med dei generelle skrivetekniske delane som struktur og igangsettingsprosessar, samt rettleiingsperspektivet. I dette første kurset kom vi fram til at det må vera noko *vitskapleg* i eit essay for at det skal kunna kvalifisera som bacheloreksamen, og at dette må presiserast i retningslinjene for at studentane

skal løfta dei personlege inngangshistoriene sine og setja dei inn i eit teoretisk rammeverk, og at nettopp *fagessay* er det som best karakteriserer denne oppgåvetypen. No må det presiserast at det slett ikkje var vi som introduserte sjangeren. I fleire fag har studentar i mange år hatt høve til å skriva *fagessay*, og fleire av faglærarane meistrar sjølvstøtt rettleiinga godt sjølv.

Etter kurset i 2019 er det studentar på stadig fleire fag ved HVL som får moglegheit til å skriva *fagessay* som bacheloreksamen: sjukepleie ved alle campusane, i tillegg til vernepleie og fysioterapi, og nokre av faga på lærarutdanninga innan drama og kunstfag. Dei tilsette gir likevel inntrykk av at dei stadig er usikre på kva retningslinjene for essayet skal vera, og dette smittar kanskje over på studenten som naturleg nok vel vekk *fagessayet*. Dette var ein av grunnane til at vi no tilbyr essaykurs som fagdidaktisk modul på universitetspedagogikken ved HVL. Det er lagt opp som eit 40 timars kurs tilsvarende to studiepoeng, der det skal vera nok tid for deltakarane til å skriva essay sjølv og å rettleia kvarandre i prosessen, og det var altså her spørsmålet om lengd på eige essay kom.

Kva er eit *fagessay*?

Før vi kan seia kva eit *fagessay* er, må vi spørja oss kva eit *essay* er. Svaret varierer med fag og geografisk tilhøyrslø. Norunn Askeland, Bente Aamotsbakken og Arnfinn Åslund skriv heile boka *Essayet: Ein veg til kreativ fagskriving* (2021) utan å komma med ein klar definisjon av *essay* og understrekar at det heller ikkje er eit mål i seg sjølv, i og med at det «karakteriserer eit mangfald av tekstar» (s. 9) og at «alle essaydefinisjonar blir avhengige av kontekst» (s. 10). Jo Bech-Karlsen seier i *Gode fagtekster: Essayskriving for begynnere* (2003) at essayet er «åpent og søkende, sanselig og reflekterende» (s. 17). Han beskriv essayet som sjanger som ei samansett prosaform der refleksjon over erfaring er det berande elementet (s. 19). Det er ein tekst som er skriven i ein dialogisk struktur om ei personleg bearbeiding av ei erfaring for å oppnå ny innsikt.

Georg Johannesen er ein naturleg mann å sjå til når ein skal snakke om essayet i Noreg. Han var forfattar, lyrikar, kunstnar og politiskar og ikkje minst retoriskar ved Universitetet i Bergen frå 70-talet, og gjorde eit poeng av at den norske omsetjinga av *essay* med *forsøk* er uheldig sidan den kan få oss til å oppfatta essayet som ei upretensiøs form. Den latinske etymologien fortel oss at det er noko som skal prøvast ut og reflekterast over i teksten, så det søkande og reflekterande elementet går i alle fall att. Johannesen gav òg ein vag definisjon av essayet som «et kort prosastykke om de aller største emner, skrevet for en ideell leserkrets med de best mulige forkunnskaper» (1994, s. 111). Publikum, lesar eller mottakar blir like viktig som både essayisten og innhaldet.

Vi skil gjerne mellom det informale eller personlege essayet og det formale (Askeland et al., 2021, s. 41–43). Det var Michel de Montaigne som var først ute med å kalla det personlege essayet med sjangerord på 1500-talet, medan Francis Bacon trakk essayet meir i retning av det vitenskaplege. Det personlege, eller informale, essayet er overtydande og subjektivt der essayisten blir viktigare enn i det formale, overtalande, objektive eller saklege essayet der innhaldet står meir i fokus enn skribenten. Det er nok dette saklege essayet som passar best for våre studentar (sjølv om dei gjerne skal behalde den personlege innleiinga), og som vi legg oss nærast opp til

når vi underviser og gir tilbakemeldingar i kurset.

Amund Børdahl var tett på Georg Johannesen i liv og virke og vi inviterte han til å halda første del av essaykurset på universitetspedagogikken. Han snakka om fagessayet som sjanger i eit historisk perspektiv og presiserte mellom anna at essayet er ein artikkel som ligg på vippepunktet mellom sakprosa og skjønnlitteratur. Når vi sett på prefikset *fag* som ifølgje Det norske akademis ordbok (NAOB, u.å.) kjem frå tysk *Fach* og tyder noko avgrensa, eller som rammar inn noko, kan vi overføra det til vår kontekst der vi får ei innramming av eit kunnskapsområde. Vi kan altså seia at eit *fagessay* er ein problematiserande, reflekterande og spørjande tekst med ein personleg inngang om eit avgrensa tema som skal ha det vitskaplege med seg, der likskapen med forskingsartikkelen er at det må ha ein aktiv bruk av forskingslitteratur og teori. I tillegg til å ha refleksjon over refleksjonen har essayet ofte humoristiske eller kreative element der alle retoriske knep er tillatne. For å bruka Børdahl sine ord¹ nyttar vi eit personleg utgangspunkt som ei trampoline for å komma oss inn i eit fagområde.

To gode essayistar

«Ja, også startar dei alle med den same definisjonen, nemleg at essay kjem av det franske ordet *essai* som tyder *forsøk*», sa Morten Strøksnes då han var på forfattarbesøk med Lumholtz-boka si her i vinter og eg fortalte at nokre av studentane våre skriv essay som eksamensform. Han er sjølv ein forfattar som meistrar sjangeren til det fulle, fordi han skriv så mykje – no er han grundig og kunnskapsrik i alt han formidlar, til dømes har han brukt over tjue år i arkiv og bibliotek i alle verdshjørne for å samla stoff til boka om Lumholtz' og eigne reiser, men det er òg noko med å *brenna* for det ein skriv om. Det er vel ingen løyndom at vi gjerne skriv betre når vi er engasjert i noko.

Herdis Alvsvåg viser òg til dette i sin kursdel, ho seier at ho alltid har skrive i essaysjangeren (mest utan sjølv å vera klar over det), og at dei fleste av essaya i samlinga hennar *Om å tenke sykepleiefaglig* (2023) er skrive med stort engasjement og ofte i sinne, ho har tidvis vore så opprørt over faglege usemjer at ho har «skrive seg ut av aggresjonen». Dette gjer Strøksnes også. Eg veit ikkje akkurat om han skriv i sinne, men han skriv essay om saker som opptek, ikkje berre han, men heile samfunnet, som til dømes krigen på Gaza (2024), vindturbinane på Fosen (2023) eller om laksenæringa (2013), for å nemna noko. Dei skriv begge om «de aller største emner», for å seia det med Georg Johannesen. Fosen-saka skreiv Strøksnes om i eit tredelt essay i *Dag og Tid* som heiter «Om det norske og det samiske» (2023). Tematikken sette i gang lengre debattar i avisa i etterkant. Han brukar gode retoriske knep for å vekkja lesaren med humor og personlege innslag: «Legg igjen merke til at eg ikkje synest det er viktig kven som kom først. Etter mange tusen år er sjølv sagt alle heime for lenge sidan» (s. 10). Vidare skriv han om si eiga oppvekst: «Vi visste kven som var kven, og det same om kven som var same, og den setninga får meg til å lure på kvifor eg skriv dette essayet på nynorsk» (s. 11). Frigjerande komisk midt i den tunge tematikken, og perfekt i eit essay. I essayet «Alt dette var ikkje nødvendig» (Strøksnes, 2024), skriv han om krigen i Gaza at den ikkje er eit

¹ Børdahl sine ord i dette tilfellet vart sagt på kurset, men han skriv elles fint om essayet og Georg Johannesen i *Livet er eit essay i bøygen* (2017).

brot, men snarare ei logisk fullbyrding av politikken som er ført dei siste femti åra i Israel. Han kommenterer ein kronikk der han meiner det er gått inflasjon i bruk av omgrepet *antisemittisme*, og legg til eit «trur eg» (s. 16) – fordi han omtalar ei betent sak. No er han ikkje kven som helst til å kunna både tru og uttala seg, han har talrike reiser til og tekstar frå Midtausten, mellom anna *Hellig grunn: Reiseskildring fra Midtøsten* frå 2001, og boka som kom no i 2024, *Molok: Om en stor krig på et lite stykke land kalt Gaza*. Vi anbefaler sjeldan studentar å skriva om kva dei trur og meiner i ein akademisk tekst, poenget er berre at det kan passa heilt fint i eit essay, der ein går rett i dialog med faglitteraturen. Å tora å skriva «trur eg» i ein akademisk tekst handlar òg om erfaring – Alvsvåg og Strøksnes har årelang erfaring og har for lengst funne seg til rette i den frie sjangeren, ein bachelorstudent er naturleg nok ikkje like trygg, og kanskje ikkje alle faglærarane heller – enno.

Innhaldslause innhaldslister

Viss vi no skal gå attende til studentane sine tekstar, korleis kan vi unngå at dei skriv den same metateksten til sine eigne tekstar, altså forklaringar om kvifor dei har valt å skriva essay? Først og fremst treng dei ikkje starta med å definera omgrepet essay. Tenk om vi skulle innleia ein forskingsartikkel med å skriva at ein forskingsartikkel er ein artikkel som skal komma med ny innsikt innanfor eit fagområde, den skal ha gjennomgått fagfellevurdering og vera utgitt i slik og sånn publiseringskanal og så vidare. Tenk på kor uendeleg mange sider studentar har skrive om kva kvalitative metodar er og kan vera og som ikkje ein gong er relevante for oppgåva dei skriv. Grunnen til at studentane skriv innhaldslause innhaldslister og disposisjonar, eller kjem med tom informasjon om søketeknikkar og søkeord og databasar eller kvantitative metodar, er, trur eg, fordi faglæraren ber dei om det. Dei som skal vurdera teksten, dei som gir studenten retningslinjene, vil jo òg ha nokre kriterium å halda seg til. Då er det lettast å pressa dei inn i ferdige skjema som kan vidaresendast til sensor slik at dei skal ha noko å gå etter. Studenten vil ha retningslinjer, ferdige oppgåveformuleringar, gjerne ein mal å setja teksten sin inn i. Men læraren vil òg ha ein mal, konkrete kriterium for å vurdera teksten. Det er her problemet – eller kan hende fordelene, med essayet kjem inn, for refleksjonar rundt fagleg erfaring kan sjeldan pressast inn i ein ferdig mal.

Sjukepleiestudentane kan i tillegg til fageessay (og empirisk oppgåve) velja å skriva litteraturstudium som bacheloroppgåve. Denne sjangeren er (kanskje) enklare å putta inn i slike malar: problemstillinga blir forma slik at ho passar i eit PICO-skjema,² litteratursøket blir meir eksplisitt og innhaldet i artiklane dei analyserer kjem fram gjennom sjekklister. Nettopp av di dei skal finna «alt» som er skrive av forskning på eit spesifikt felt, blir det naudsynt å visa kva for søkeord og -omgrep dei har brukt og kva for databasar dei har søkt i og fortelja kva dei har funne som er relevant, og ikkje minst kva dei *ikkje* har funne eller kva det manglar forskning på.

Det er ikkje hensiktsmessig å pressa fageessayet inn i liknande malar. I eit essay viser ein relevansen til fagstoffet ein har funne, rett nok ofte via dei same kanalane, gjennom å bruka det i sjølve refleksjonen. Det er ikkje interessant å høyra at eg søkte på ordet *fageessay* i databasen

² PICO, akronym for *population/problem, intervention, comparison* og *outcome*, er eit verkty for å tydeleggjera spørsmålstillinga som særleg blir nytta innan kunnskapsbasert praksis.

Idunn, men eg fann ikkje noko relevant. Det er *innhaldet* i dei aktuelle artiklane som eg fann når eg søkte som eg må bruka til å støtta opp rundt egne tankar og påstandar og refleksjonar. Kan det vera at dette blir for abstrakt for nokre faglærarar? Kanskje det blir for tidkrevjande å vurdera kvaliteten av ein studenttekst utan sjekkliste? Alle desse skjemaa, innhaldsmalane og IMRoD-strukturen er hensiktsmessige berre innanfor nokre spesifikke typar kvantitative studiar. Kan henda nokre lærarar gjerne vil bruka dei på fagessayet òg, for at dei skal kunna vurdera og evaluera fleire studenttekstar fortare?

Når vi forsøker å hjelpe [sic.] studentane ved å tvinga dei inn i malar og strenge oppskrifter for oppgåvene dei skal skriva, blir resultatet i tillegg til tom søkeinformasjon ofte overflødige metatekstar lik «avslutningsvis kjem det ein konklusjon». I systematiske oversiktsartiklar er søkeprosessen meir eksplisitt og gangen i eit søk blir beskrive i sjølve teksten. Nokre fag vil tydeleggjera denne søkeprosessen hos studentane også når dei skriv fagessay, kanskje for å kunna vurdera studentane sine søkeferdigheiter. Sidan dette ikkje passar inn i essayet, blir dei bedne om å ha med ein eigen del der dei mellom anna beskriv kvifor dei har valt å skriva fagessay der dei også viser kvar og korleis dei har søkt etter litteratur. Det er denne delen så mange studentar altså byrjar med å definera kva eit essay er. Dei forskjellige faga har løyst det på ulikt vis, dei som er mest opptatt av å gjera søkeprosessen eksplisitt, vil kalla denne delen *vedlegg*, andre kallar det *introduksjon*, *metode*,³ *refleksjonsnotat*, eller *utdjuping*. Eg ville ha gått for det siste. Akkurat som studentane innan nokre mastergradar kan skriva artikkel med utdjuping, og i atskilleg mindre omfang enn når ph.d.-kandidatar skriv artikkelbasert avhandling med kappe. Målet må i alle fall vera å skilja ut desse metatekstane frå sjølve essayet.

Sjukepleie-eg-et – perfekt for eit fagessay?

I praksisretta omsorgsfag skal studentane utøva yrket sitt gjennom å ta vare på pasientar i helsefaga dei studerer innanfor, dei skal ikkje først og fremst skriva. Men når dei først *skal* skriva, er kanskje essayet den sjangeren som passar dei best, nettopp på grunn av den personlege inngangen og refleksjonen over eigen praksis. Dei har flusst av erfaring frå faget sitt. Kva er vel meir naturleg enn å ta det med inn i skrivinga og å setja det inn i ein teoretisk samanheng? Dei jobbar med omsorg for menneskje i eit yrke der tida ofte blir for knapp, dei har etiske omsyn å ta i ein hektisk jobbkvardag, som skapt for å reflektera og undra seg over, slik Herdis Alvsvåg gjer i den allereie omtalte essaysamlinga si (2023). Ho er professor emerita ved VID vitenskapelige høyskole og har undervist og rettleia studentar innan sjukepleie, etikk, utdanning, danning og sosialpolitikk, og har samstundes skrive bøker og fagartiklar innan dei same emna. Det er fleire av desse tekstane som er samla i den siste essaysamlinga. Ho har glitrande døme på korleis *eg-et* er synleg i teksten i form av førstepronomenet både i eintal og fleirtal, ho har personlege inngangar der ho brukar forfattar-*eg* for å visa lesaren kva ho gjer i teksten (gjennomgåande), og det meir abstrakte *eg-et* i relasjon til sin neste i kapittel 2 «Åndeleg omsorg». Det meir komplekse *vi*-pronomenet brukar ho både når ho vil inkludera

³ Bech-Karlsen (2003) skriv om essayet som metode, at studentane skulle «*skrive seg fram til innsikt og erkjennelse om egne yrkeskunnskaper*» (s. 58), og vi har no med ein eigen del på essaykurset om nettopp essayet som metode.

lesaren og når ho snakkar på vegne av alle sjukepleiarar som fagpersonar, som her i kapittel 2: «Vi må lytte oss fram til pasientens forhold. Vi må hjelpe pasienten til å opprettholde etablerte forhold til mennesker og hjelpe til å skape nye. Som sykepleiere utøver vi vår omsorg og vår kjærlyghet til pasienten i relasjon til pasienten» (s. 56). Vidare skriv ho *vi* på vegne av alle menneska når ho skriv om *mellomrommet* som er ein føresetnad for relasjon og dialog dei imellom:

Som personer står vi i meningsbærende tradisjonsfellesskap. Vi er ikke hvilke som helst. Vi er unike i den forstand at vi inngår i særegne mellommenneskelige, samfunnsmessige, kulturelle og historiske sammenhenger. Vi bærer med oss unike erfaringer og opplevelser. Vi er uerstattelige.... (s. 96)

Det er stor skilnad på aksept av bruk av førstepersonpronomen i akademiske tekstar, både innan sjanger og fagområde. Eg viser kursdeltakarane mellom anna døma frå Alvsvåg på kor naturleg bruken *kan* vera, og korleis han er nærast påkravd i eit essay, nettopp av den grunn at essayet gjerne har denne personlege inngangen.

Kursdeltakarane sine essay

Essaykurset på universitetspedagogikken går no i tre halve dagar i vårsemesteret, tre gongar tre timar med første møte i januar, og dei neste i mars og mai. Strukturen i den halve kursdagen er nokolunde lik alle gongane med mest teori dei to første timane før siste time som er meir praktisk retta med inndeling av skrivegrupper der deltakarane rettleier kvarandre på utkast av eigne essay. Det er eit viktig mål at dei skal få kjenna på kroppen det studentane deira skal kjenna, nemleg korleis det faktisk er å skriva eit essay, og både å gi og få tilbakemelding på det.

Av dei tjue deltakarane på første essaykurset på universitetspedagogikken var det fjorten som skreiv essay. Dei leverte eit førsteutkast som mellomarbeid før andre samling, og eit nytt utkast før tredje samling. Slik kunne dei rettleia kvarandre i skrivegrupper i siste del av samlingane. Vi kurshaldarane modifiserte ikkje desse skrivegruppene, vi vurderte berre siste versjon av essaya som godkjent/ikkje godkjent. Av dei fjorten essaya var det ni som vart godkjent og fem ikkje, men ein av desse siste leverte ny versjon som vart godkjent i andre runde. Kva var det altså som ikkje fungerte i dei tekstane som vi ikkje kunne godkjenna? Det handla om at dei essensielle kjenneteikna som karakteriserer eit essay mangla, nemleg refleksjon og ei spørjande tilnærming. Tekstane var heller ei evaluering av eit prosjekt utan å problematisera prosessen det hadde vore gjennom, det handla om ambisiøse teoriar som ikkje hang saman med eigne observasjonar, det var fleire situasjonsskildringar, ofte om den historiske utviklinga av eit fag ved høgskulen eller av eit rettleiingsforhold. Felles for alle var at dei mangla det som Bech-Karlsen (2003, s. 112) nemner som essensielt i essayet: samanhengen mellom erfaring og refleksjon, nemleg at skrivaren sine refleksjonar som kjem direkte frå ei erfaring leier fram til ny handling og vidare erfaring. Desse erfaringane gir i sin tur nye refleksjonar. Språket og kjeldetilvisingane var òg mangelfulle i dei underkjente essaya, og metaforbruken gav lite meining.

Det er skummelt å skulle vera den som avslører mangelfull kompetanse hos kollegaer. Det kan vera snakk om fagfolk som har utført sitt yrke til perfeksjon i årevis, men dei har ikkje vore vande med å skriva, dei har jobba innanfor eit praksisnært fag. At dei ikkje skriv i særleg grad sjølve treng ikkje vera eit problem, men det *blir* eit problem når dei skal rettleia studentane som skal skriva – og det til og med innanfor ein spesifikk sjanger. Her kjem vi inn på eit ømt punkt for mange akademisk tilsette, nemleg dette med tru på eigen kompetanse på skriving. Det er viktig å snakka jamleg om kven det er som har ansvaret for å læra opp studentane i akademisk skriving. Er det fagmiljøa, eller skal dei kunna gi frå seg oppgåva til bibliotek og skrivesenter? Når faglærarane seier til studentane sine at dei skal spørje biblioteket, så fråskriv dei seg eigentleg ansvaret. Dei må hugsa på at vi korkje evaluerer eller bedømmer studentarbeid, men vi forsøker å gi gode råd til både student og faglærer. Eit av hovudmåla mine med kurset har i alle fall vore å styrka faglærarane sin kompetanse slik at dei sjølve skal kunna rettleie studentane sine.

Kursdeltakarane sine forventingar: Retningslinjer og sensorrettleiing

Deltakarane hadde òg eit mål med kurset. Dei fleste kom frå sjukepleiefaget, eller frå andre fag som tilbyr studentane sine å skriva fagessay, og ville bli tryggare i sjangeren fordi dei skal rettleia studentar som skal skriva essay. Andre var meir nyfikne på sjølve sjangeren utan at dei nødvendigvis skulle rettleia, og så var det nokre som trong poeng til universitetspedagogikken. Nokre av dei sa eksplisitt at dei hadde vorte anbefalt av eigen leiar å ta kurset fordi dei skulle rettleia studentar i essayskriving. Dei var nok ikkje så motiverte for kurset i utgangspunktet – og det var ofte desse som ikkje fullførte, eller som fekk underkjent essayet dei skreiv. Sjangeren passar ikkje for alle, den fridommen som følgjer med dei vage definisjonane vi har sett, nemleg at det er eit kort stykke prosa som kan handla om kva som helst, der alle retoriske knep er tillate – det kan like gjerne vera ei tvangstrøye for nokon, som det er fridom for andre.

Felles for dei fleste kursdeltakarane var likevel at dei ville læra meir om essayet, men mange av dei ville gjerne (akkurat som studentane) også ha klare svar. Dei ville helst ha ferdigutarbeidde vurderingskriterium; retningslinjer for kva eit fagessay er – for både student, faglærer og sensor. Dei *har* fått framlegg til retningslinjer. Det fekk dei allereie etter det første kurset i 2019. Men dei må sjølve bestemma korleis dei vil integrera dei i eigne fag. Igjen kan det synest som om faglærarane gløymer at vi på Skrivesenteret og Biblioteket ikkje *vurderer* studentane sin kunnskap. Vi sit ikkje med fasiten, vi er «berre» eit støttetilbod. Spørsmålet om kor langt eit essay skal vera er nok ikkje så dumt som eg ville ha det til innleiingsvis. Svaret er at det kan vera to sider og det kan vera hundre sider. No er det openberre grunnar til at vi ikkje kan oppmoda studentane til å skriva hundrevis av sider på ein bacheloreksamen, så ei avgrensing og klarare retningslinjer er fagmiljøa nøydde å gi dei – men lærarane må kanskje i større grad *eige* retningslinjene sjølve. Dei må leggja til rette for sjangeren både i prosessen og produktet, slik at studentane kan få vist kunnskapen sin òg når dei skriv fagessay, nemleg gjennom god refleksjon bygd på eigen erfaring, og med relevant teori som er godt integrert i teksten.

Referanseliste

- Alvsvåg, H. (2023). *Å tenke sykepleiefaglig: Essay i utvalg*. Fagbokforlaget.
- Askeland, N., Aamotsbakken, B. & Åslund, A. (2021). *Essayet: Ein veg til kreativ fagskriving*. Samlaget.
- Bech-Karlsen, J. (2003). *Gode fagtekster: Essayskriving for begynnere*. Universitetsforlaget.
- Børdahl, A. (2017). Livet er et essay: Bruddstykker om Georg Johannesen. *bøygen*, 29(2), 60–71.
- Fag. (u.å.) I NAOB (*Det Norske Akademis Ordbok*). Hentet 14. mai 2024 fra https://naob.no/ordbok/fag_1
- Johannesen, G. (1994). Etterord: Holberg og Essayet. I K. Heggelund (Red.), *Ludvig Holberg: Essays* (s. 111–136). Cappelen.
- Strøksnes, M. A. (2024, 22. mars). Alt dette var ikkje nødvendig. *Dag og Tid*, s. 11–17.
- Strøksnes, M. A. (2023, 24. mars). Om det norske og det samiske, del 1. *Dag og Tid*, s. 10–13.
- Strøksnes, M. (2013, 20. juli). Sagaen om laksefolket: Lakseoppdrettere spiser ikke oppdrettslaks. *Bergens Tidende, Lørdagsgjesten*, s. 3.